

# KVINNEKLINIKKEN

OPERASJON I NARKOSE



## VELKOMMEN TIL OSS

**Dette er informasjon til deg som skal opererast ved Seksjon for gynekologisk kreft på Kvinneklubnikken.**

I denne brosjyren får du informasjon om det som er viktig for deg å vite i samband med operasjonen du skal gjennom. Du kan også gjerne stille spørsmål direkte til kirurgen som skal operere deg.

## FØR OPERASJONEN

### Faste

Du skal faste frå klokka 24.00 kvelden før operasjonen. Det betyr at du ikkje kan ete, røyke, bruke snus, ete drops eller tygge tyggegummi. Du kan gjerne drikke vatn, saft eller buljong inntil klokka 06.00 sjølve operasjonsdagen, om ikkje anna er avtalt med sjukepleiar.

### Hygiene

Du må dusje og vaske navlen godt om morgonen den dagen du skal bli operert. Det er viktig at du ikkje vaskar håret denne dagen. Du skal heller ikkje bruke bodylotion, ansiktskrem, sminke, kontaktlinser eller ha på deg neglelakk, smykke/piercing eller klokke. Kjønnshår må ikkje fjernast dei siste 14 dagane før operasjonen, hår i operasjonsfeltet blir klipt med maskin den dagen du skal opererast.

### Tømming

Ved nokre operasjonar blir det gitt eit klyster kvelden før operasjonsdagen. Klyster hjelper deg med å tømme tarmen. Sjukepleiar avtaler dette med deg når du kjem til avdelinga.

### Verdisaker

Sjukehuset kan ikkje ta på seg ansvaret for verdisaker og vi rår deg derfor til å ta med deg minst mogleg verdisaker når du kjem til oss.

### Klede

Hugs å ta med deg lette og ledige klede til å bruke i dagane etter operasjonen.

### Forventa opphald

Forventa opphald i avdelinga er 3 - 5 dagar, avhengig av kva slags operasjon du har vore gjennom.



## ETTER OPERASJONEN

Du vil ligge på oppvåkingsavdelinga til dagen etter inngrepet. Pårørande kan ringe oppvåkingsavdelinga på telefon: 55 97 43 50.

- Etter inngrepet vil du få smertestillande medisin regelmessig og ved behov.
- Du vil òg få blodfortynnande medisin for å førebygge blodpropp.
- Dei fleste får innlagt kateter til urinblæra under operasjonen. Dette blir som oftast fjerna dagen etter inngrepet.
- Du får drikke og eventuelt ete dagen etter operasjonen.
- Du vil få eit lite klyster tredje dag etter operasjonen, viss du ikkje allereie har hatt avføring.


### PÅRØRANDE

kan ringe oppvåkingsavdelinga på telefon: 55 97 43 50.


Når du kjem tilbake til sengeposten vil vi hjelpe deg med å gradvis auke aktivitetsnivået.

- Den første månaden bør du unngå tungt arbeid, særskilt tunge løft. Lettare arbeid kan du utføre. Aktivitet som utløyer smerte bør du vente med.
- Viss du er operert i skjeden, eller du har fått fjerna livmora, kan det kome litt forbigåande blodig utflod som luktar. Dette skuldast som regel stinga som står i toppen av skjeden. Desse vil løyse seg opp og forsvinne av seg sjølv, og lukta vil då også bli borte.
- Så lenge du har bløding frå skjeden er det auka infeksjonsfare. Vi anbefaler derfor at du held deg borte frå karbad og offentlege bad dei første to vekene etter operasjonen. Det er ingenting i vegen for at du kan dusje som normalt. Du skal ikkje bruke tampong. Etter fire veker kan du ha samleie.
- Operasjonssår på magen er vanlegvis grodd ved utskriving. Sting eller stiftar som er brukte til å lukke operasjonssåret, blir fjerna etter om lag 14 dagar hos fastlegen din. Du må sjølv bestille time for å få fjerna desse.
- Det blir tatt vevsprøver under operasjonen til mikroskopisk undersøking. Svaret på vevsundersøkinga kjem etter ca fire veker. Du vil då få brev med informasjon om resultatet, og om eventuell etterbehandling og kontroll.





Illustrasjon: Dreamstime



### Alle typar operasjonar kan gi komplikasjonar.

I sjeldne tilfelle kan følgande komplikasjonar skje:

- Bløding under eller etter inngrepet
- Infeksjon i blæra, i såret, eller djupt i magen
- Skade på urinleiar, blære eller tarm
- Nerveskader i huda kan gi endra kjenslesans på mage/lår
- Blodpropp kan oppstå trass i blodfortynnande medisin og godt aktivitetsnivå
- Ein svært sjeldan gong kan det oppstå problem med bedøvinga

### TA KONTAKT

Dei første 14 dagane bør du kontakte oss dersom:


- Du har feber over 38 grader som ikkje går over i løpet av to dagar
- Du har sterke magesmerter
- Såret ser raudt og hovent ut
- Du får smertefull hevelse i beina, eller svært tung pust
- Bandasjen er gjennomblødd fleire gonger om dagen

Du kan då ringje  
**Seksjon for gynekologisk kreft**  
Tlf.: 55 97 42 90

Vennleg helsing personalet ved  
**Seksjon for gynekologisk kreft.**



Foto: colourbox.com



Kvinneklubben  
Seksjon for gynekologisk kreft  
Telefon 55 97 42 90

[www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no)  
Haukeland universitetssjukehus  
Telefon: 05300